



Eidsvik Skipsbyggeri, som frå før er ramma av permitteringar, er no også truga av streik, melder Kvinnheringen.

Det er brot i meklinga for Fellesforbundet sine frontfag og 4 bedrifter i Kvinnherad med 169 organiserte kan bli tekne ut i streik frå søndag morgon.

Hjå Eidsvik har Fellesforbundet 38 medlemmer.

Dei 3 andre bedriftene som kan bli ramma er Umoe Schat-Harding med 97, Bergen Group Halsnøy med 26 og Eide Marine Services med 8.

Tysdag kravde Fellesforbundet meklinga avslutta. Dermed må forsøka på å bli samde vera i hamn seinast ved midnatt laurdag.

Konflikten gjeld i stor grad løns- og arbeidsvilkår for innleigd, utanlandsk arbeidskraft.

På biletet som er teke ved Eidsvik i dag ligg den fullførte supplybåten Siem Pilot utanfor skroget som førebels heiter det same og som til no har lege ved Børneskaien.

(Foto: Ola Matti Mathisen)